

# SKODJE KOMMUNE

## Kontrollutvalet

### MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordfører  
Rådmann  
Revisor

Medlemene i  
Kontrollutvalet

#### INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag 12. desember 2018 kl. 17.00 på Skodje rådhus**

#### SAKLISTE:

Sak 22/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 17.10.2018

Sak 23/18 - Orientering ved rådmann (bestilt på førre KU-møte):

- Karaktersetjing i Skodje-skulane
- Pedagogisk personale utan pedagogisk kompetanse
- Diagnosar/handsaming ved registrering av psykisk utviklingshemma

Sak 24/18 - Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar

Sak 25/18 - Hemmelege dokument - tryggleiksklarering.

Spørsmål til rådmann frå kontrollutvalsmedlem Inge Øye

Sak 26/18 - Møteplan 2019

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gjem melding på telefon 70172158 eller 926 11 735 til dagleg leiar eller e-post <mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Rolf Liebich  
leiar  
(sign.)

## Sak 22/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 17.10.2018

### KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

#### MØTEBOK

Møtedato: 17.10.2018, kl. 17.00-18.30

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye og Pål Aarsæther.

Janne Gommesen og Rannveig B. Stavset hadde meldt forfall.

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte revisor Anne Nygård.

Frå kommunen møtte ordførar Dag Olav Tennfjord, ass. rådmann Malin Piegsa og økonomisjef Lars Fylling.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Kontrollutvalet avgjorde å handsame sak 20/18 etter sak 17/18, deretter sak 19/18, sak 18/18 og til slutt 21/18. Inge Øye og Pål Aarsæther hadde ynskje om å ta opp noko under eventuelt.

---

## Sak 16/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 26.06.2018

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 26. juni 2018 blir godkjend.

---

## Sak 17/18 - Revisjonsstrategi 2018 for Skodje kommune

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10. oktober 2018

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering. Kontrollutvalet framhevar den fokus som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2018, og påpeikar at det er viktig at dette blir teke med vidare.

### Sak 20/18 - Oppfølging av sak 07/18, punkt 3; situasjonen ved Furelia

Ordførar Dag Olav Tennfjord gjorde nærare greie for det arbeidet administrasjonen i samarbeid med Fylkesmannen hadde gjort i denne saka. Vidare fekk utvalet ei orientering om korleis kommunen vil handtere dette vidare.

Leiar Rolf Liebich fremja følgjande forslag:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande og ber om å bli halde orientert vidare.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande og ber om å bli halde orientert vidare.

---

### Sak 19/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10. oktober 2018

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

---

### Sak 18/18 - Budsjettforslag 2019 for Skodje kontrollutval

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10. oktober 2018

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-.

Saka vert send over til rådmann for innarbeiding i kommunen sitt budsjett for 2019, men står uendra til kommunestyret si budsjetthandsaming, jfr. Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

---

### Sak 21/18 - Referatsak; kommunestyresak 52/18 nyval av kontrollutval

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek referatet til vitande.

### **Eventuelt:**

Inge Øye bad om ei forklaring på kvifor deler av ROS-analyse som var presentert i førre kommunestyremøte i Skodje var unntak offentlegheit. Assisterande rådmann svarte at dette var gjort med bakgrunn i «objekt lista» som ein meinte inneheldt sensitive opplysningar. Inge Øye vil vurdere å ta opp dette på nytt i neste kontrollutvalsmøte.

Pål Aarsæther bad om ei orientering av rådmann på neste møte omkring karaktersetting i Skodje-skulane. I år oppnådde ungdomsskulen sær gode resultat. Tidlegare var det eit sprik mellom eksamens- og standpunkt karakterar. Aarsæther ønskte å følgje opp denne saka og få ei orientering om situasjonen i år.

I tillegg ønskte han å få ei orientering om bruken av pedagogisk personale utan kompetanse i faga dei underviser i. Dette gjeld både barne- og ungdomsskulane i kommunen, også dei private, viss kommunen har tilsynsmynde over dei.

Vidare bad kontrollutvalet om at rådmann på neste møte gir ei utgreiing om korleis kommunen stiller diagnoser/handsamar registrering av psykisk utviklingshemma, ref. Tolga-saka i media.

Neste møte blei avtala til onsdag 12. desember 2018, kl. 17.00, Rådhuset.

Rolf  
Liebich  
leiar  
(sign.)

Inge Øye  
nestleiar  
(sign)

Pål Aarsæther  
medlem  
(sign.)

## Sak 23/18 - Orientering ved rådmann (bestilt på førre KU møte):

- Karaktersetjing i Skodje-skulane
- Pedagogisk personale utan pedagogisk kompetanse
- Diagnosar/handsaming ved registrering av psykisk utviklingshemma

På bakgrunn av den informasjonen som er forventa å verte nærare klargjort i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming. For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det naudsynt å få ei nærare orientering frå rådmann.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 24/18 - Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar**

*Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3, datert 12. november 2018*

Sjå vedlagde brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka vert lagd fram som ei orientering, og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjend er det ei av kontrollutvalet sine viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommunelova § 78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

### **Innstilling til vedtak:**

Skodje kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande og forventar å bli halde orientert om prosessen vidare.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar

## Skodje kontrollutval

Vårsakshandsamar:

Kurt Løvoll

Vår dato:

12.11.2018

Dykkar dato:

Vår referanse:

Dykkar referanse:

### Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS

Vi viser til vårt brev datert 10.09.18 der vi m.a. signaliserte at vi ville korne attende med ytterlegare informasjon om forhandlingar om mogleg fusjon/danning av nytt selskap etterkvart som det låg føre.

Det vart fatta om lag likelydande vedtak i representantskap i Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS om å gå i forhandlingar, medan Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS takka nei til å vere med i forhandlingar.

Det vart avhalde avsluttande forhandlingsmøte mellom forhandlingsutvala i dei 2 selskapa 7. november. Frå vårt selskap deltok ordførarane i Skodje, Giske og Sula i tillegg til styreleiar, konstituert dagleg leiar og tilsettrepresentant. Frå MRRevisjon deltok ordførarane i Molde og Kristiansund, varaordføraren i MRFylke i tillegg til styreleiar, dagleg leiar og tilsettrepresentant.

Hovudpunkt i det forslaget ein vart einige om å leggje fram til vidare handsaming var:

- Danning av samvirkeføretaket «Møre og Romsdal Revisjon SA»
  - o Samvirkemodellen blir foreslått då den er vurdert til å i størst grad ivareta dei behov både eigarar og selskap vil for styring og drift av nytt selskap. Eit samvirkeføretak er ein medlemsmodell der det be1Te er innskotskapitalen kommunen heftar for. I eit IKS derimot heftar eigarane til saman for selskapet sine totale forpliktingar i høve sin eigardel, og eit IKS kan difor ikkje gå konkurs.
- 3 like store (tal på tilsette) kontor i byane Ålesund, Molde og Kristiansund. Mao skal kontorstrukturen slik den er no, vidareførast.
  - o Sikrar at kommunane har kompetanse og bemanning i nærleiken. Det skal vere både forvaltningsrevisorar og rekneskapsrevisorar på alle kontora. Kapasitet på forvaltningsrevisjon vil bli auka.
- Hovudkontor i Kristiansund

- o MRRev har allereie sitt hovudkontor i Kristiansund, og det er vurdert slik at det fungerer godt slik det er.
- Fakturering etter medgått tid
  - o MRRev går over på dette i 2019, og det blir foreslått at dette skal gjelde for det nye foretaket frå dag 1, altså 01.01.2020 ved opprettinga av selskapet. Det inneberer kvartalsvise avrekningar ut frå kva som faktisk er utført for den enkelte kommune/kunde.
- hmskotskapital for våre eigarkommunar blir dekt av akkumulert overskot i Komrev3 - det blir mao ikkje ekstra utgifter for våre kommunar til danning av foretaket. Likevel vil kommunane sannsynlegvis måtte forskottere eigenkapitalinnskot i det nye selskapet, før <lei mottar tilbakebetalinga frå Komrev.
- Eigarkommunane er i utgangspunktet ansvarlege for pensjonsforpliktingane i Komrev3 IKS. Det blir foreslått at forpliktingane som gjeld tidlegare tilsette i selskapet blir overført til kommunane ved danning at nytt foretak. Dette vart gjort då Møre og Romsdal Revisjon IKS vart danna, og denne løysinga gjer at det blir lik fordeling av forpliktingar mellom distrikta i eit nytt selskap.

Dersom dette forslaget blir vedteke inneber det ikkje endring i revisjonsordning. Men det vil innebere at det blir oppretta eit nytt foretak, og dended ny revisor. Det er kontrollutvala som gir innstilling på val av revisor, også i kommunar som er i ferd med å slå seg saman.

Kommunerevisjonen har forsøkt å halde kontrollutvalssekretariat og kontrollutval kontinuerleg orientert om prosessen også for å få innspel undervegs.

Med helsing

Kurt Løvoll  
konst. dagleg leiar



## **Sak 25/18 - Hemmelege dokument - tryggleiksklarering. Spørsmål til rådmann frå kontrollutvalsmedlem Inge Øye**

**Bakgrunn: Sjø under «Eventuelt» i sak 22/18, møtebok frå møtet 22. oktober 2018.**

Hemmelege dokument – sikkerhetsklarering.

Korleis vurderte Rådmann og kommunestyret at ein del av ei ROS analyse skulle haldast hemmeleg, og kvifor kunne ikkje eit medlem av eit kommunalt utval (kontrollutvalet) som var tilstades på kommunestyremøtet få sjå det hemmelege dokumentet?

Årsak; personen var ikkje sikkerhetsklarert.

Spørsmål; er alle kommunestyre medlemmane sikkerhetsklarerte?

Viser til møtereglement for Skodje kommunestyre.

Punkt 4. d. Teieplikta varer til dess noko anna vert vedteke, eller til grunnane for stengde dører har falle bort.

**Er det andre personar til stades, skal ordføraren krevje teieplikt av dei.**

19/10-2018

Inge Helge Øye

---

På bakgrunn av den informasjonen som er komen fram og som no er forventa å verte nærare klargjort i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## Sak 26/18 - Møteplan 2019

### Bakgrunn:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at utvalet kan utføre og følge opp dei oppgåver som er naudsynte for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn. Ein bør unngå at det går så lang tid frå eitt møte til det neste at sakene som kjem opp misser sin aktualitet. Sjølv om mindre kommunar handsamar færre saker enn større kommunar, er det likevel faste oppgåver gjennom året og valperioden som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

### Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet i Skodje kommune vedtek følgjande møte for kalenderåret 2019:

---

---

---

---

---

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat